

# Overordna utdanningsplan for spesialiteten Hud og veneriske sjukdomar i Helse Førde

Revidert 18.04.23

## Spesialitet

Hud og veneriske sjukdomar.

## Omtale av utdanningsverksemda

Utdanningsplanen gjeld for Hudavdeling i Helse Førde.

Avdelinga har i utgangspunktet 4 overlegestillingar og 1 fast LIS stilling. Per no er det 3 overlegar i full stilling som er spesialistar i Hud og veneriske sjukdomar, 1 overlege i halv stilling, og 1 LIS. Hausten -23 kjem 1 LIS tilbake frå medisin, og vil etterkvart gå over i overlegestilling.

Ein av overlegane har delvis administrativt arbeid.

Den eine overlegen arbeider i hovudsak via telemedisin/videokonsultasjonar og er stasjonert på Sørlandet mesteparten av tida, men jobbar også i Førde med vanlege pasientkonsultasjonar.

Hudavdeling i Helse Førde yt service til ein befolkning på rundt 110 000, det som tidlegare utgjorde Sogn og Fjordane fylke. Det gjennomførast omlag 13000 –14 000 pasientbehandlinger per år, dette inkluderer også pasientar som går til lysbehandling. Avdelinga driv rein poliklinisk verksemd, det er ingen sengeplassar tilknytta hudavdeling i Helse-Førde. Hudpasientar som treng innlegging i sengepost, evt dagpost, blir henvist til Hudavdeling ved Haukeland Universitetssjukehus.

Hovudarbeidsstad for legar i spesialisering er Hudavdeling ved Førde Sentralsjukehus. I tillegg har avdelinga 4 utepoliklinikkar: ved Sunnfjord Medisinske Senter i Florø, Psykiatribygget i Sogndal, Lærdal Sjukehus og ved Nordfjordeid Sjukehus. Alle utepoliklinikkane har eining for lysbehandling. Det er frivillig for legar i utdanning å eventuelt også reise ut og jobbe ved desse

utepoliklinikkene, då ifølgje med spesialist. Dei inngår då avtale om frivillig utvida arbeidstid, UTA.

Talet på legekonsultasjonar per år er omlag 5500 - 6000. Inkludert i desse er også relativt mange interne tilsyn på pasientar som ligg inne ved andre avdelingar. Det kan også gjerast tilsyn telemedisinsk på pasientar inneliggande i Lærdal eller Nordfjordeid, der pasienten presenterast ved hudsjukepleiar på utepoliklinikk via telemedisin til hudlege som er stasjonert i Førde.

Det utførast omlag 2000 kirurgiske inngrep inkludert biopsiar per år, rundt 470 allergologiske utgreiingar, inkludert provokasjonar som utførast i samarbeid med intensivavdeling. Provokasjon med lokalanestetika utførast i avdeling.

Hudavdeling behandlar mange pasientar med kroniske leggsår. Ein dag i veka er det hovudsakleg sårbehandling der vi har tilknytta eigen fotterapeut i 20% stilling, med spesialutdanning innan diabetes.

Legane i spesialisering deltar aktivt i alle dei vanlegaste oppgåvene ved Hudavdeling, og får såleis eit breitt erfaringsgrunnlag. Dei får opplæring i PDT, behandling av precanceroser i hud, og får raskt nok erfaring til å utføre denne type behandling sjølvstendig. Dei får også opplæring i ledningsanestesi i hovud/hals område som kan nyttast ved PDT.

Legane ved Hudavdeling svarer på telefonar frå allmennlegar og sjukehusleger som treng å konferere om pasientar/problemstillinger knytta til hudfaget. Det er eigen «vakttelefon» på dagtid, som rullerer mellom legane, (både LIS og overlegar) men der er ingen vaktteneste på kveld/natt.

## Omtale av utdanningsløpet

Utdanning føregår i tre hovudbolkar fordelt på 3 læringsarenaer: Teneste ved Hudavdeling i Helse Førde, ca 3 år

Klinisk teneste ved Hudavdeling, Haukeland Universitetssjukehus, 18 mnd

Klinisk teneste ved Medisinsk avdeling, Førde Sentralsjukehus, 6 mnd.

Hovuddelen av utdanninga innan hud- og veneriske sjukdomar utførast ved Hudavdeling i Førde. Poliklinisk arbeid utgjer størstedelen av utdanningsløpet, og det vil gjerne vere naturleg at utdanningsløpet startar her i Førde. Ved Hudavdeling i Førde er det ikkje eigen poliklinikk for seksuelt overførbare sjukdomar, slik at teneste som krevjast for å oppnå læringsmål innan

venerologi må takast i Helse-Bergen. Dette vil gjelde alle læringsmål som omhandler venerologi, læringsmål 63-73. I utdanningsløpet skal LIS ha minst 4 månaders teneste ved Poliklinikk for seksuelt overførbare sjukdomar.

Ein del av læringsmåla vil berre delvis kunne oppfyllest ved Hudavdeling i Helse Førde. Dette vil omfatte bla. meir sjeldne eller alvorlege hudtilstander, og gjerne der det er behov for innlegging i sjukehus. Desse læringsmåla må oppfyllest ved teneste ved sengepost og dagpost ved Hudavdelingen Haukeland Universitetssjukehus.

For å fylle krava til dei læringsmål som ikkje kan oppnåast ved Hudavdeling i Helse-Førde vil LIS trenge om lag 18 mnd teneste ved Hudavdeling Haukeland Universitetssjukehus. Det er naudsynt med minst 6 mnd teneste ved sengepost for å få nok erfaring og kompetanse til å oppfylle læringsmål som omhandlar alvorlege dermatoser og deira forløp. LIS skal i tillegg ha 4-6 mnd ved dagposten.

Følgande 23 læringsmål kan **delvis** oppfyllest i Førde:

Hud-001, -002, -007, -009, -013, -014, -016, -017, -018, -020, -027, -017, -018, 020, -027, -029, -030, -037, -039, -058, -060, -074, -075

Følgande 13 læringsmål kan **ikkje** oppfyllest i Førde:

HUD-011, -044, -045, -063, -064, -065, -066, -068, -069, -070, -071, -072, -073

Vedrørande læringsmål innan yrkesdermatologi vil desse i hovudsak bli oppfylte ved teneste i Helse-Førde, då det her blir utført relativt mykje allergologisk utgreiing. I tillegg skal LIS frå Helse-Førde få ei kort teneste, anslagsvis inntil 6 veker, ved yrkesmedisinsk avdeling HUS. Dei går då innunder avtalen Hudavdeling HUS har med Yrkesmedisinsk avdeling og teneste blir tatt som del av teneste ved Hudavdeling HUS.

15 av læringsmåla omfattar læringsmål som omhandlar indremedisinske tilstandar. For å få tilfredstillande opplæring i desse er det naudsynt med klinisk teneste ved medisinsk avdeling, og det er planlagt at LIS skal få 6 mnd teneste ved indremedisinsk avdeling i Helse-Førde, inkludert deltaking i vaktteneste. Dette gjeld læringsmål frå og med Hud-080 til og med HUD-094

## Introduksjon av nye LIS

Nye LIS vil bli tildelt gjeldande planar i kompetanseportalen.

LIS blir tildelt eige kontor der dei også har pasientkonsultasjonar. Når ny LIS startar ved avdeling følgjer vedkommande med ein av overlegane på poliklinikken første veka for å få ei innføring før dei startar med eigne pasientar. Dei starter så med eigne pasienter, men med redusert liste den første tida.

LIS skal gjennomføre nasjonalt elektronisk innføringskurs i dermatologi, dette er sett saman av teoretisk nettbasert kurs og praktisk del som skal gjennomførast på avdeling. Det vil bli sett av tid for gjennomføring av introduksjonskurset, dette skal gjennomførast så snart som råd etter tilsetjing.

## Supervisjon, veiledning og fagleg utvikling.

LIS utdanninga vil bli ivareteke innanfor avdelinga si vanlege daglege drift.

LIS lege vil alltid ha spesialist tilgjengeleg for hjelp og rådføring.

Hudpoliklinikken i Førde er konsentrert i eit avgrensa område med små fysiske avstander, så LIS lege kan raskt hente inn hjelp frå spesialist ved eigne konsultasjonar. I starten vil det gjerne vere behov for at spesialist ser på mange av pasientane saman med LIS legen, og det leggst til rette for at ein overlege får frigjort tid til dette når ny LIS startar i avdeling.

Det tilstrebast at LIS lege kan få eigne pasientar til kontroll, dette er nyttig læring.

Alle nye LIS får tildelt rettleiar, dette vil vere ein av specialistane i avdeling. Det blir sett av tid til individuell rettleiing, og dette er merka av i timeplanen, 1 time per måned. Første møte mellom LIS og rettleiar skal skje innan 3 veker etter tilsetjing.

Det er sett av 4 timar per veke til fagleg fordjupning for LIS. I praksis blir desse timane samla slik at LIS lege har ein heil fordjupningsdag kvar 2. veke. LIS lege vel sjølv korleis denne tida skal disponerast.

Det er ved dei daglege morgonmøte tid til diskusjon av faglege spørsmål/pasientkasus, og dette vil også vere ein viktig læringsarena. Det skal vere låg terskel for å kunne diskutere problemstillingar, både dei heilt enkle og praktiske, og dei meir kompliserte sakene.

Omlag 1 gong per måned gjennomførast tverrfagleg møte med Avdeling for patologi, med diskusjon av aktuelle histologiske preparat. LIS lege kan sjølv melde opp relevante problemstillingar som så vil bli presentert og gjennomgått.

Tilrådde kurs for spesialiteten blir prioritert, og LIS lege vil få permisjon til desse kursa, dette gjeld også nyttilsette LIS. Så langt det er mogleg vil også LIS få delta på andre relevante kurs og møter dersom drifta tillet.

## Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Dokumentasjon av utførte læringsaktivitetar og oppnådde læringsmål først i kompetanseportalen. LIS registrerer læringsaktivitet i kompetanseportalen og ber om signering av supervisor/rettleiar etterkvart som læringsaktivitetane er gjennomført.

Endeleg vurdering av om eit læringsmål er oppfylt utførast ved Avdelingssjef eller overlege med delegert ansvar, evt i samarbeid med evalueringskollegium for nokre av læringsmåla.

Alle rettleiarar og supervisorar inngår i evalueringskollegium, i praksis vil dette seie alle spesialistar i avdeling.

Kursbevis frå aktuelle kurs inngår også som dokumentasjon innan ei rekke læringsmål.

Fagleg progresjon og oppnådde læringsmål vil bli evaluert fortlaufande i månedleg rettleiingsmøte.

## Teoretisk undervisning

Teoretisk undervisning gjennomførast 2 timar per veke. Undervisninga rullerer mellom alle legane ved avdeling, og alle deltek kvar gong. Etter kort tid deltek nye LIS legar der dei førebur og gjennomfører undervisning. Det er lagt opp til diskusjon undervegs i undervisning (om ønskjeleg) og etterpå.

Undervisninga vil bli lagt opp etter dei aktuelle læringsmåla.

Frå hausten 2020 har vi hatt felles LIS undervisning med Bergen og Haugesund ein gong i månaden, onsdag kl 15-17.

Samla er minstekravet for undervisning 70 timar per år.

LIS lege vert også oppmoda om å få med seg Fredagsmøte annakvar fredag, der undervisning/presentasjonar rullerer mellom dei ulike sjukehusavdelingane. Dette er for alle tilsette ved sjukehuset, og skal ta føre seg tema som kan vere aktuelle for eit større publikum.

## Felles kompetansemål (FKM)

Felles regional kompetanseplan vert tildelt alle LIS 3. Tema kring etikk, forskingsforståing, pasienttryggleik/forbedringsarbeid, leiing/systemforståing, kommunikasjon / pasient- og brukarmedverknad og lovverk vert, i tillegg til klinisk praksis, belyst i form av kurs arrangert nasjonalt, regionalt og lokalt. Fag- og utviklingsavdelinga i Helse Førde har medansvar for at LIS får gjennomført læringsaktivitetar knytt til FKM.

Størsteparten av læringsmåla i FKM skal nåast gjennom klinisk praksis, t.d. vil etisk refleksjon måtte utviklast gjennom deling av erfaringar knytt til aktuelle pasientcase.

### Naudsynte kurs i FKM:

#### Nasjonalt:

«Administrasjon og ledelse» skal dekke heilt eller delvis FKM-LM 04, 41, 42, 43, 46, 47, 51, 59, 60, 70, 71, 72, 73 og 74.

#### Nettkurs:

«Sakkyndighetsarbeid», skal dekke heilt eller delvis LM 46 og 47

«Samvalg», E-læringskurs, FKM-LM 33

#### Regionale/lokale kurs:

2-dagars veiledarkurs – lokalt. (FKM-LM-20)

2-dagars kommunikasjonskurs –lokalt. «4 gode vanar» og korleis overbringe alvorleg informasjon. (FKM-LM 19, 21, (22), 23)

2-dagars Regionalt basiskurs i FKM. Kurset dekker læringsmål innan 4 temaer i FKM: «Etikk»(LM 04) «Kvalitet og pasientsikkerhet» (LM 41, 42 og 43) «Lovverk» (LM 46 og 47) og «Systemforståing, organisasjonsutvikling og leiing» (LM 70, 71, 72, 73 og 74).

Det vil bli gjennomført 6 obligatoriske gruppeveiledninger innan FKM. LIS 2/3 bli delt i grupper med 8-10 LIS frå ulike avdelingar. Kvar gruppeveiledning varer 2 timar.

Det er 24 FKM for LIS3, derav 04, 13, 19, 21, 22, 42, 43, 46, 47, 71, 72, 73, 74, 59 og 60 er relevant for gruppeveiledning.

#### *Etikk – 1*

FKM-LM-04 Ethiske utfordringer, refleksjon og veiledning

#### *Forskningsforståelse – 1*

FKM-LM-13 Forskningsprotokoll, lovverk, forskningsetikk

#### *Kommunikasjon – 5*

FKM-LM-19 Kommunikasjonsferdigheter

FKM-LM-20 Veilede og gi supervisjon

FKM-LM-21 Trygghet og forståelse

FKM-LM-22 Formidle informasjon og bli forstått

FKM-LM-23 Kommunisere om eget fag til andre

#### *Kunnskapshåndtering - 3*

FKM-LM-32 Kunnskapssirkelen

FKM-LM-33 Samvalg

FKM-LM-34 Kunnskapskilder

#### *Kvalitet og pasientsikkerhet – 3*

FKM-LM-41 E-helseverktøy

FKM-LM-42 Forbedringskunnskap

FKM-LM-43 Forskjellen mellom forskning, forbedringsarbeid, revisjon og tilsyn

#### *Lovverk – 2*

FKM-LM-46 Ansvar og forsvarlighet

FKM-LM-47 Viktige regler for særskilte områder

#### *Pasient- og brukarmedvirkning – 1*

FKM-LM-51 Metoder for brukarmedvirkning

#### *Pasient- og pårørende opplæring – 1*

FKM-LM-55 Metoder og pedagogiske prinsipper

#### *Samhandling - 2*

FKM-LM-59 Roller og ansvar innen helse- og omsorgstjenesten og samfunnet for øvrig

FKM-LM-60 Samhandlingstiltak

#### *Systemforståelse, organisasjonsutvikling og ledelse - 5*

FKM-LM-70 Enhetlig ledelse og egen rolle

FKM-LM-71 Legespesialistens ansvar og roller

FKM-LM-72 Organisering og kvalitet i behandlingen

FKM-LM-73 Egne holdninger og verdier

FKM-LM-74 Internkontroll

Prosjektoppgåve:

Alle LIS skal i utdanningstida gjennomføre ei prosjektoppgåve i forbetningsarbeid og pasientsikkerhet. Prosjektoppgåva må ivareta eitt eller fleire av LM 32, 34, 41, 42, 43, 46. Det er tilrådd at Regionalt basiskurs i FKM gjennomførast før forbetingsprosjektet, då dette kurset skal fungere som ei førebuing før prosjektet.

Veiledning for prosjektoppgåve vil bli gjeve av spesialist med vidareutdanning i kvalitetsforbetring.

Helse Vest har utarbeida eit rammeverk for prosjektoppgåva, der det går fram at ulike alternative aktivitetar innan kvalitets- og forbetningsarbeid vil kunne oppfylle dette kompetansekravet.

## Utdanningsutvalg og utdanningsansvarlig overlege

Utdanningsutvalet består av alle legar i avdeling. Leiar for utdanningsutvalet er utdanningsansvarleg overlege. Utdanningsansvarleg overlege har overordna ansvar for å setje opp utdanningsprogrammet saman med resten av utdanningsutvalet, og koordinere dei ulike læringsaktivitetane, rettleiing osv. slik det går fram i eige mandat frå Helse Vest.

## Forsking

Hudavdeling har i over 1 år vore utan forskingskompetanse. Januar-23 vart det tilsett spesialist som i april-23 er ferdig med sin Ph.D grad og har dermed forskningskompetanse. Læringsmål 13 i FKM omhandlar forskningsforståing som inkluderer forståing for forskingsprotokoll, i tillegg til å kjenne til relevant lovverk og grunnleggande forskningsetikk. Dette skal danne naudsynt bakgrunnskunnskap som LIS3 treng for prosjektoppgåva «Kunnskap og forbetring».

Avdeling har inngått samarbeid med Senter for helseforskning, med blant anna forskingsleiar og forskingskoordinator/professor der. Senter for helseforskning er eit samarbeid mellom Helse-Førde og Høgskulen på Vestlandet. Vi vil nytte dette som eit høve til å vidareutvikle vitskapleg arbeid i avdeling med følgande fokus der LIS kan utvikle sin kompetanse:

1. Fagmøter der ein legg fram status frå forskingsfronten på utvalde felt og drøfter moglege implikasjonar for eigen praksis.

2. Klinisk audit av (a) eigen praksis i høve til status i litteraturen og faglege retningsliner, eller (b) kartlegging av pasientutfall i høve til forventa eller ønska behandlingresultat
3. Forbetringsarbeid på utvalde område ut frå punkta ovanfor.
4. Forskingsprosjekt enten som partner eller som prosjekteigar.

Det vil vere fokus på klinisk nytteverdi, og det må vere gjennomførbart i dagleg klinisk drift i ei lita avdeling.

Avhengig av kva type prosjekt LIS3 skal delta i, vil det vere behov for ulik tilnærming. Prosjekt kan inkludere utarbeiding av forskingsprotokoll, vurdering ved personvernombod og/eller søknad til regional etisk komité, alternativt vil læringsmåla bli oppfylt i samarbeid med Senter for helseforskning, med eigen gjennomgang. Desse læringsmåla omfattast også av planlagt gruppeveiledning. LIS oppmodast om å delta på NFDVs årlege forskningsseminar. LIS blir ellers oppmoda om å delta i eksterne pågåande prosjekt, td. multisenterstudiar med andre institusjonar og/eller legemiddelindustri.

## Individuell utdanningsplan

Ved tilsetjing vil det bli utarbeidd ein individuell utdanningsplan for LIS, som viser hva LIS skal gjennomføre (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer), basert på kor i utdanningslaupet LIS startar.

Den individuelle utdanningsplanen utarbeidast av LIS i samarbeid med rettleiar og evt. utdanningsansvarlig overlege. Planen skal godkjennes av Avdelingssjef.

## Simulering og ferdighetstrening

Simulering er førebels lite aktuelt som læringsaktivitet innan dermatologi.

Ferdighetstrening vil i hovudsak vere integrert i den daglege drifta med opplæring og gjennomføring av praktiske prosedyrer saman med supervisør.

Simulering nyttast elles ved trening på Basal Hjerter- og lungeredning ein gong i året.

## Tillitsvalgte

Dei fleste LIS vil vere tilslutta YLF i Den norske legeforening. Avdeling har ikkje eigen tillitsvald, men LIS sine interesser vil bli ivaretatt av tillitsvald ved Medisinsk klinikk og føretakstillitsvald.

## Kontakt

Ved spørsmål om spesialistutdanninga ta kontakt med Avdelingsjef.